



**FYLKESMANNEN I ROGALAND  
UTDANNINGSAVDELINGA**

**TILSYN MED HJELMELAND KOMMUNE**

---

**TIDSPUNKT:** 26. mars 2007      Vår ref: 07/1539

**KOMMUNENS  
ADRESSE:** Hjelmeland kommune, 4130 Hjelmeland

**KOMMUNENR:** 1133

**TILSYNSGRUPPE:** Marta Vignes Steine og Kåre Kr. Høines

**KONTAKTPERSON  
I KOMMUNEN:** Kommunesjef oppvekst Arild Boganes

---

**Heimel for tilsynet:**

Opplæringslova § 14-1 andre og tredje ledd, jf. delegasjonsrundskriv F-16/04 frå Utdannings- og forskingsdepartementet og delegasjonsbrev datert 02.03.05 frå Utdanningsdirektoratet.

**Tema for tilsynet:**

Tilsynet skal kontrollere om skoleeigar oppfyller lova sine krav til tilpassa opplæring og spesialundervisning, jf. opplæringslova § 1-2 femte ledd og kapittel 5, og om skoleeigar har eit forsvarleg system for å ivareta dette, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

**Fylkesmannen avdekte følgjande avvik under tilsynet:**

**Avvik 1:**

Hjelmeland kommune sikrar ikkje at det i alle saker blir fatta enkeltvedtak i samsvar med krav i opplæringslova og forvaltningslova.

**Godkjent:**

Marta Vignes Steine  
tilsynsleiar

Kåre Kr. Høines  
seniorrådgivar

## Innhald

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Merknader
5. Gjennomføring
6. Tidsfrist

## Vedlegg:

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Vedlegg 2: Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Hjelmeland kommune 17. april 2007. Tilsynet er ein del av eit felles nasjonalt tilsyn der Fylkesmannen fører tilsyn med same tema i fylkeskommunen og fem kommunar i kvart fylke.

Tilsynet fokuserer på om kommunen oppfyller visse lovkrav innafør oppgitte emne, sjå ”Tema for tilsynet”, og rapporten viser avvik og merknader som blei funne under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som skoleeigar.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om Hjelmeland kommune har tilfredstillande styring i forhold til det regelverket som regulerer plikta til å ha eit forsvarleg vurderingssystem.

Tilsynet omfatta mellom anna undersøkingar om:

- aktivitetar blei utførte som dokumentert og uttalt
- kommunen driv verksemda si innafør egne rammer og dei rammene styresmaktene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av om rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgde opp i praksis. Tilsynet fokuserte på kommunen si oppfylling av krav på områda nemnde ovanfor. Eventuelle funn ved tilsynet blir formulerte som avvik og/eller merknader.

- **AVVIK** blir definert som mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **MERKNAD** gjeld tilhøve som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

## 2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Forskrift til opplæringslova
- Korrespondanse mellom kommunen og Fylkesmannen
- Dokumentasjon frå kommunen (vedlegg 1)

## 3. Avvik

### Avvik 1:

Hjelmeland kommune sikrar ikkje at det i alle saker blir fatta enkeltvedtak i samsvar med krav i opplæringslova og forvaltningslova.

### Avvik frå:

Opplæringslova §§ 5-1, 5-3 jf. forvaltningslova §§ 2b, 23 og 24

### Lovkommentar:

Ei avgjerd om ikkje å gi rett til spesialundervisning, er også å rekne som eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2b. Enkeltvedtaket skal vere skriftleg, jf. forvaltningslova § 23. Dersom ein elev har sakkunnig vurdering om behov for spesialundervisning, enten spesialundervisning blir tilrådd eller ikkje tilrådd, skal det fattast grunnleggjande vedtak, jf. fvl. § 24.

### Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Dokumentasjon syner at kommunen i brev har orientert føresette og elevar om at dei ønskjer å følgje opp nasjonale føringar om at spesialundervisning bør vere for dei få. Hjelmeland kommune har dermed hatt ein gjennomgang av elevar med enkeltvedtak og har i perioden 04/05 – 06/07 redusert talet på elevar med enkeltvedtak frå ca. 12 % til ca 4 %. Foreldra blei munnleg orienterte om kva endringa konkret ville bety for eleven. PPT utarbeidde ikkje sakkunnig vurdering i alle slike saker. Det blei ikkje fatta enkeltvedtak der elevar blei vurderte til ikkje lenger å ha rett etter § 5-1 i opplæringslova. Intervju stadfestar dette.

## 4. Gjennomføring

Tilsynet er gjennomført på følgjande måte:

Varsel blei sendt ut:	08.02.07
Formøte blei halde:	11.04.07
Intervjua blei gjennomførte:	17.04.07
Sluttmøte blei halde:	25.04.07

I vedlegg 2 er det gitt eit oversyn over deltakarane på tilsynet.

## 5. Oppfølging

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå kommunen om korleis ein vil følgje opp avviket i rapporten innan 25. juni 2007.

## Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

---

Materiale tilsendt frå Hjelmeland kommune på førehand av, og under tilsynet:

1. Organisasjonskart for Hjelmeland kommune – administrativt nivå
2. Årsmelding 2006
3. Rutine for arbeidet med elevar som treng å få tilført ekstra ressursar
4. Møtebok Hjelmeland kommune – personalressurs i skulen 2007-2008
5. Ressursfordeling skuleåret 2007-2008
6. Møtebok Hjelmeland kommune – revidert plan for kompetanseutvikling i skulen 2005-2008
7. Kultur for læring – Kunnskapsløftet. Kompetanseutviklingsplan 2005-2008
8. Prosedyrar for informasjon og saksbehandling gjeldande spesialundervisning og spesialpedagogiske tiltak (005/98)
9. Spesialundervisning – enkeltvedtak for skuleåret 1999-2000 og framover
10. Revidert delegasjonsreglement i personalsaker – sak 044/03
11. Økonomireglement for Hjelmeland kommune
12. Hjelmeland kommune- Ein skule for framtida – Plan for skulane 2007-2010
13. Spesialundervisning og tilpassa opplæring – brev til elevar og føresette
14. Årsmelding 2006 PPT Midt- Ryfylke
15. Verksemdsplan 06/07 PPT Midt- Ryfylke
16. Rutinar ved henvisning til PPT, individsaker i skulen
17. Kartlegging: Lesing og skriving, barnetrinnet (PPT)
18. Kartlegging i matematikk (PPT)
19. Kartlegging: Lesing og skriving, ungdomstrinnet (PPT)
20. Tilpassa opplæring - rutinar ved Årdal skule
21. Verksemdsplan Årdal skule
22. Eksempel på arbeidplanar for alle elevar i 8., 9. og 10. klasse
23. Evalueringsskjema for hausten 2006 (arbeidsplanar, oppgåvetypar, heimearbeid, arbeidsro m.m)
24. Tre elevsaker Årdal skule
25. Overgangen: Barnehage til skule - Årdal skule
26. Overgangen: Barn med særskilte behov - Årdal skule
27. Overgangen Steg/trinn ved bytte av kontaktlærer - Årdal skule
28. Overgangen: Barneskule til ungdomsskule - Årdal skule
29. Eksempel på pedagogisk rapport
30. Felles for Fister skule (visjon, aktivitetsplan, årshjul, personaloversikt, råd og utval
31. Tilpassa opplæring- rutinar ved Fister skule
32. Kartlegging, lesing og skriving – Rutiner Fister Skule
33. Kartlegging i matematikk – Rutiner Fister Skule
34. Mobbeplan for Fister skule
35. Fister skule – eksempel på informasjon/ lekseplan/ arbeidsprogram
36. Fister skule – eksempel på skjema for konferansetime/foreldresamtale/elevsamtale
37. Fem elevsaker Fister skule
38. Overgangen: Barnehage – skule – Fister skule
39. Overgangen: Barneskule- ungdomsskule – Fister skule
40. Overgangar for barn med rett til spesialundervisning – Fister skule

**Vedlegg 2: Oversyn over personane frå kommunen som var direkte involverte i tilsynet**

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Føremøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Øystein Bergøy	Rådmann	X	X	X
Arild Boganes	Kommunesjef oppvekst	X	X	X
Halvor Dalane	Rektor Årdal skule og barnehage	X	X	X
Øyvind Nicolaysen	Rektor Fister skule og barnehage	X	X	X
Anne Marit Tuntland	Lærer Årdal skule og barnehage	X	X	X
Gerd Eli Lomeland	Lærer Fister skule og barnehage		X	X
Målfrid Valheim Rake	Leiar PPT Midt-Ryfylke	X	X	X

Frå Fylkesmannen deltok rådgivar Marta Vignes Steine og seniorrådgivar Kåre Kr. Høines med førstnemnde som tilsynsleiar.